



Statens vegvesen

Hammar-Kameratane AS
Hella 60
5936 MANGER

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:
16/179742-3

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.01.2017

Svar – Byggjegrænse – Tilbygg – Fv. 565 – Gnr. 60 bnr. 17 – Radøy kommune

Statens vegvesen syner til søknad mottatt 23.11.2016.

Vedtak:

Med heimel i veglova § 29 og 30 gir Statens vegvesen dispensasjon frå byggjegrænse langs fv. 565 på gnr. 60. bnr. 17 i Radøy kommune.

Vilkår for dispensasjon:

Statens vegvesen har etter ei samla vurdering funne å kunne gje dispensasjon frå byggjegrænse på følgjande vilkår:

1. Løyve gjeld tilbygg til bustadhus.
2. Tilbygget skal plasserast slik det kjem fram av kart vedlagt søknaden (vedlagt), med minste avstand til vegmidte til fv. 565 på 18.5 meter
3. Dispensasjonen fell bort dersom ikkje tiltaket ikkje er starta innan tre – 3 – år frå dags dato.
4. Det er ikkje grunnlag for krav mot Statens vegvesen på grunn av skade eller ulempe som følgje av at bygningsdelane ligg innanfor byggjegrænse, med mindre det kan påvisast aktløyse frå Statens vegvesen si side.
5. Dersom tiltaket oppførast i strid med vilkåra i denne dispensasjonen kan tiltaket krevjast fjerna med heimel i veglova si § 36 utan kostnader for Statens vegvesen.
6. Det er eit vilkår for dispensasjonen at det eventuelt er gjeve naudsynt godkjenning frå kommunen.

Vi gjer merksam på at løyve berre gjeld i høve til veglova, og ikkje rettar ovanfor eventuelle andre grunneigarar.

Bakgrunn for vedtaket:

Byggjegrænse skal ivareta omsynet til trafikktrygging, vedlikehald og drift av vegnettet, arealbehov ved utviding av vegen og miljøet langs vegen.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Telefon: 02030
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap
9815 Vadsø

Fartsgrensa på staden er 50 km/t og årsdøgntrafikk (ÅDT) er 850. Vegen er klassifisert til Haldningsklasse 2 jf. «*Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrensar på riks- og fylkesveggar i Region vest (2013 – 2016)*». Dette vil mellom anna seie at vegen har funksjon som viktig hovudveg og at byggjegrensa er 50 meter. Søknaden er eit vesentleg avvik frå byggjegrensa, men gjeld tilbygg på ein eksisterande bustad.

Retten til å klage:

Dette vedtaket er eit enkeltvedtak og kan klagast på jamfør forvaltningslova §§ 28 – 36. Klagefrist er tre – 3 – veker frå vedtaket er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Statens vegvesen som sender over saka til klageinstansen.

Plan- og forvaltningsseksjon Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
overingeniør

Tone Bøyum
overingeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
Radøy kommune, Radøyvegen 1690, 5936 MANGER

